



Radøy kommune

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim
Radøy

Radøy Sau og Geit
v/Leiar Kåre Hole

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1500 - 19/2004

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
06.02.2019

Økonomisk stønad til Radøy Sau og Geit i høve Landbruksdagen 2018

Delegasjonssak nr.: 039/2019

Saksutgreiing:

Me viser til søknad registrert 20.12.2018

Landbruksdagen i Austrheim er eit årleg arrangement der landbruksnæringa i store delar av er arrangør. Landbruksdagen er eit utstillingsvindu for landbruket retta mot innbyggerane i Nordhordland. Mange av aktivitetane er retta mot born og unge. Eit viktig formål her er å formidla kunnskap om matproduksjon og kor maten kjem frå. Men også mot vaksne der ein formidler produksjon og utstyr frå farne tider.

Vidare er det utstilling av maskiner og reiskapar for bønder og kårings sjå av vèrlam for sauehaldet. Arrangementet hadde meir enn 2000 deltakara inno m portane. Det vart kåra ca 100 lam i 2018. Dei omsøkte pengane skal nyttast til transport, oppsetting og demontering av stort telt knytta til kårings sjået. Kårings sjået er knytta til Landbruksdagen og trekker mange skuelystne utanfor næringa. Kåringa er eit viktig tiltak i avlsarbeidet og er vidare ein viktig miljøskapar i det omfattande sauehaldet me har i Nordhordland. Sauehaldet er den viktigaste bidragsytar til det landskapet som endå er ope her i Nordhordland.

Radøy kommune ynskjer å bidra til å oppretthalde det flotte arrangementet «Landbruksdagen» og kårings sjået for Austrheim og Radøy.

Konklusjon : Radøy kommune løyver kr 7500 i økonomisk støtte

Vedtak:

Radøy kommune løyver kr 7500 til Radøy Sau og Geit. Pengane skal nyttast til Landbruksdagen i Austrheim 2017. Pengane vert utbetalt frå konto 14700 – 4500 – 3290

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy Sau og Geit

v/Leiar Kåre Hole